



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70

Vår dato
08.06.2017
Deres dato
23.05.2017

Vår referanse
2017/6642 521.1
Deres referanse

Gunnstein Sætre

Løyving UTM 2017 - prosjekt *Landbruksdagen i Austrheim 2017*

Vi viser til snøggpost 23.05.17 med søknad om støtte til prosjekt *Landbruksdagen i Austrheim 2017*.

Saka er handsama etter *Tildelingsbrev for 2017 til Fylkesmannen i Hordaland* (LMD 16/2188-133, dagsett 21.12.16), og etter føringar i *Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17*.

Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 25.000,- til medfinansiering av Landbruksdagen i Austrheim 2017. Løyvinga er avgrensa til 22 % av totalt budsjett kr. 114.000,-.

Vilkår

- prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i høve prosjektplan
- eventuelle endringar i prosjektplan eller budsjett skal søkast skriftleg til FMLA
- oppmoding om sluttutbetaling skal leggjast ved sluttrapport og revidert prosjektrekneskap, inkludert eit samandrag med resultat for tiltaket til bruk i informasjonsarbeid

Utgreiing

Landbruksmiljøa i Austrheim og resten av Nordhordland står bak ei av dei største publikumstiltaka i Bergensområdet med tilskiping av årvisst landbruksdag som i praksis er blitt regional, samstundes som ein framleis tek vare på det faglege aspektet, med eit særst stort kårings sjå og fokus på avlsarbeid i sauenæringa.

FMLA finn initiativet særst positivt med omsyn til den generelle utviklinga av landbruket og kva det betyr for folk i kommunen og nordhordlandsregionen, og korleis dette kan engasjere lokal folkesetnad og politisk diskusjon, engasjement og kanskje prioritering. Landbruksavdelinga vil så langt råd søke å prioritere slike lokale, publikumsretta tiltak av relativt avgrensa storleik. Me oppmodar og arrangementskomiteen til å søke å synleggjere lokalmat- og råvareaspektet gjennom kontakt og eventuell profilering av UNESCO-matbymedlemskapen til Bergen kommune, til likes med andre, mat- og landbruksrelevante tilskipingar i distrikta rundt byen.

Utbetaling

På oppmoding frå søkar kan inntil 75 % av løyvinga betalast ut i prosjektperioden. Utbetalingsoppmodingar skal vere i brevs form, ikkje som faktura, då alle ut- og innbetalingar skjer frå Landbruksdirektoratet, etter sakshandssaming hjå Fylkesmannen. Minst 25 % vert halde att til prosjektet er sluttrapportert og godkjend. Krav om utbetaling skal vere skriftleg, og vert rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Krav om sluttutbetaling skal leggjast ved rapport og revidert

prosjektrekneskap. Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarende reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan og medføre avkorting. Om det vert aktuelt med avkorting utover 25 % restløyving, kan utbetalt løyving krevast tilbakebetalt. Sidan dette er eit offentleg tilskot kan Fylkesmannen føre kontroll med bruken av prosjektmidlane, også mens prosjektet pågår.

Prosjektet må være ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 31.12.17.

Med helsing

Dirk Kohlmann
ass. landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Dette vedtaket kan De klage inn for Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klaga bør vere grunngeven, jfr. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok denne meldinga.

Kopi til:

Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Lindås kommune, Landbruk og miljø	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø